



# DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd

Stad: Kyrkjestugu

Dato: 19.10.2023

Tidspunkt: 17.00 - 18.15

Til stades:

Torfinn Slåtto

Arild Øystese Hansen

Einar Brattegard

Sveinung Hansen

Else Karin Veslegard

Birger Bolstad

Wenche Smestad

Solveig Vestenfor (forfall)

Varamedlem for:

Ingen vara møtte

Frå administrasjonen møtte:

Trond B. Augunset

Konstituert kyrkjeverje Anders Ilsøy

Torfinn Slåtto

Leiar

### **24/23 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste:**

Møteinnkalling og saksliste vart godtkjent utan merknadar.

### **25/23 Godkjenning av møteprotokoll møte 30.08.23:**

Møteprotokoll frå fellesrådsmøte 30.08.2023 vart godtkjent utan merknadar.

## SAK 26/23 Tertialrapport 2/2023

### Saka vert avgjort av:

Fellesrådet

### Saksopplysningar:

I følgje forskrift om økonomiforvaltningen i sokn i Den norske kyrkje § 10 skal:

*Soknets organer skal påse at det gjennom budsjettåret legges fram rapporter som viser utviklingen i inntekter og utgifter sammenholdt med det vedtatte årsbudsjettet. Dersom det er grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til opprinnelig eller regulert årsbudsjett, skal det i rapporten foreslås nødvendige tiltak.*

Det er i tertialrapporten laga fire kolonner:

- Rekneskap 2. termin 2023
- Periodisert budsjett
- Budsjett heile 2023

### Vurderingar:

**Lønn:** Det er brukt ca. 436 000 mindre enn budsjettet. Det er og eit mindreforbruk i forhold til 2022. Mindreforbruket i 2023 skuldast vakanse i stillinga som kyrkjelydspedagog og organist. Det er og tatt høgde for lønnsoppgjeret. Om lønnsoppgjeret for 2023 i kyrkja følgjer frontfaga på 5,2%. Dette er innarbeida i lønn frå 1. mai 2023. Mindreforbruket på denne posten vil auke i 3. termin

**Vikarlønn:** Her er det lønn til mellom anna organistvikarar som ikkje er sjølvstendig næringsdrivande.

**Overtid:** Det kom i 2023 ny avtale om betaling for arbeid i helge- og høgtider. Dette er lagt inn på denne posten.

**11700 Kjøp transporttenester:** Dette er konfirmasjonstur til Bergen. Her kjem det eigenbetaling.

**11800 Energi:** Kyrkjevevja meiner at ein her vil halde seg innan for budsjetttramma.

**11950 Avgifter, gebyr:** Her er det store årslisensar som vert betalt i januar. Denne posten må styrkjast i 2024.

**12000 Inventar og utstyr:** Her er det kjøpt mellom anna fleire nye PC'ar, den eldste var får 2014. Det er nødvendig å kjøpe eit par til for å ha ei fungerande maskinpark. PCar har normalt i maksimal levetid på 5 år. Det er gjort ei oppgradering i år som gjer at mykje av inventaret og PCar er av god kvalitet og held dagens standard.

**12700 Andre tenester:** Kyrkjevevja reknar med at ei vil bruke meir enn budsjettet på grunn av vakanse i diakon og organist. Her vil kjøp av tenester frå sjølvstendig næringsdrivande visast.

**12400 Serviceavtaler og reparasjonar:** Det har i 2023 vore fleire reparasjonar av traktorar og plenklyparar. Desse er gamle og må bytast ut i løpet av dei fyrste åra. Det er i tillegg bytta ut øydelagde lysstoff-armatur og bytta til LED belysning av Ål kyrkje.

### Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek tertialrapport 2/23 til orientering.

Handsaming i fellesrådet  
Trond Augunset orienterte om saken

Røystegjeving:  
Samrøystes vedtatt

Vedtak:  
Fellesrådet tek tertialrapport 2/23 til orientering.

## **SAK 27/23 Tilsetting av kyrkjeverje**

### **Saka vert avgjort av:**

Fellesrådet.

### **Saksopplysningar:**

I følge tilsettingsreglementet for Ål kyrkjelege fellesråd skal tilsetting av kyrkjeverje skje av fellesrådet.

Stillinga som kyrkjeverje har vore lyst ut to gonger. Ved fyrste utlysing kom det 4 søknadar. AU vurderte søknadane og fant ut at ingen av søkjarane var kvalifiserte.

Søknadsfrist for 2. gong utlysing gjekk ut 12. oktober. Arbeidsutvalet skal velge ut kandidatar for intervju 13. Oktober. Søkarliste og vurderingar vert lagt fram i møte 19. Oktober.

### **Vurdering:**

Søkarliste og tilråding vert lagt fram i møte 19. Oktober.

### **Framlegg til vedtak:**

Vert lagt fram i møte

### **Handsaming i fellesrådet**

Fellesrådsleiar Torfinn Slåtto orienterte om saken.  
Søkarliste, vurderingar og referansesjekk er sendt ut på e-post 18.10.23 til fellesrådet sine medlemmer.

Røystegjeving:  
Svetlana Anistratenko vart samrøystes innstilt som kyrkjeverje.

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr stillinga som kyrkjeverje til Svetlana Anistratenko.

**Eventuelt:**

**Tilsetting av diakon:**

Fellesrådsleiar Torfinn Slåtto orienterte om saken.

Søkarliste, vurderingar og referansesjekk er sendt ut på e-post 18.10.23 til fellesrådet sine medlemmer.

Røystegjeving:

Line Bakke vart samrøystes innstilt som diakon.

Torill Solli Haugen vert innstilt som nummer 2.

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd tilbyr stillinga som diakon til Line Bakke

Dersom Line Bakke ikkje tek i mot stillinga, tilbyr fellesrådet stillinga til Torill Solli Haugen.

Orientering:

Namna minnelund, Tilbod frå Anleggsgartner Øst Geilo AS, Det vert jobba vidare med tilbodet.

Arbeid med gangveg på Torpo. Nytt gjerde.

Tilsetting av kyrkjemusikar som byrjar 1. januar 2024

Reinhaldar er og tilsett og starta 1. oktober.